

Rapport fra arbeidsgruppe 2030 – 14. oktober 2024

Nemnd for gudstjenesteliv vedtok 14.11.2023 (sak 27/23) å sette ned ei arbeidsgruppe for å arbeide med spørsmål kring liturgisk materiell til 2030.

Mandatet for arbeidsgruppa vart utforma slik:

Nemnd for gudstjenesteliv oppnevner en arbeidsgruppe som skal jobbe med å kartlegge behovet for ressurser frem imot 2023. Gruppen skal særlig vurdere behovet for:

- en salmekonkurranse
- at Bispemøtet kommer med en fortolkning av Olav den hellige i vår tid
- nytt trosopplæringsmateriell
- bønner som kan være liturgiske byggeklosser

1. Arbeidsgruppa har drøfta behovet for liturgisk materiell til Olavsfeiringa i 2030, og vil stadfeste dette behovet og spørsmåla fra drøftinga i Nemnd for gudstenesteliv i sak 27/23.

Arbeidsgruppa er sett saman av folk med ulik tilknytning til Olavsarven: fra Stiklestad prosti, fra Nidaros domkirke, fra Sarpsborg (der det er ei sterk Olavstradisjon), men også fra bymisjonen/Kirkeleg utdanningscenter i Nord. Saman ser arbeidsgruppa at det ikkje er nokon stor grunn til å drøfte om 2030 treng eigne liturgiske ressursar. Det er tvert imot viktig at Kyrkja kan skape ei forankra, tydeleg, medviten og kritisk feiring av 2030 og Olavsjubileet.

Når ein ser tilbake på den moderne Olavsfeiringa sin historie, har det skjedd stor utvikling, ikkje minst i korleis Olav er tolka inn mot nasjonen og det norske. I dei siste 20-30 åra har det blitt foreslått mange ulike tolkingar som gjør feiringa av Olav til meir enn ei feiring av nasjonen og kristninga. Slike perspektiv kan være «det universelle», «det økologiske», «pilegrimsmotivet», «det økumeniske», «Kristus-etterlikninga». Likevel er dei motiva som finst spreidd i ulike artiklar, foredrag og bøker, og dei representerer alltid forfattarane. Arbeidsgruppa ser eit behov for at Kyrkja utarbeider ei felles tolkningsramme for Olavsfeiringa, som kan løfte fram dei motiva som er gyldige i dag.

Arbeidsgruppa meiner at det trengst kritisk sjølvrefleksjon over korleis heile Olavstradisjonen blir brukt, både opp igjennom tolkingshistoria og i dag. Det er viktig å finne tolkingsegrep som gjør Olavsfeiringa meningsfull for folk i dag – både dei som kjenner den kyrkjelege tradisjonen, og dei som står på utsida og som ikkje har nokon stor medviten om Olavsfeiringa.

Det er viktig å finne fram til tolkingar som er felles for Kyrkja. I den offentlege samtalen om Olavsfeiringa er det spenningar mellom ulike kyrkjeforståingar, nasjonsforståingar, heilt over i det nasjonalistiske. Spesielt ut ifra korleis Olavsfeiringa vart formulert i 1930, er det eit behov for å definere på nytt i vår tid, for å unngå at dei som ønsker å markere Olavsfeiringa må gå opp slike grensegangar for seg sjølv.

Arbeidsgruppa meiner det arbeidet som her trengst er ei teologisk gjennomarbeiding ut i fra det som finst av nyare tolkingar og spørsmål i dag. For å gi eit slikt arbeid nødvendig tyngde, meiner gruppa at det er nødvendig at bispemøtet gjør vedtak i ei slik sak.

2. Olavstradisjonen er i dag viktig på nokre få plassar i Norge, der det er eit aktivt liturgisk og kyrkjeleg liv rundt Olavsfeiringa. Arbeidsgruppa vil understreke at det er ønskeleg med meir mangfoldig materiale, om ein skal håpe at Olavsfeiringa kan å nå ut breiare.

I dag finst det tekstar og bønner knytt til Olavsfeiringa i dei liturgiske bøkene. I tillegg finst det nokre trykte tidebønnliturgiar til Olsok, der nokre av dei (fra *Nådens morgenlys*) er publisert på ressursbanken. Det er fint at slikt materiale er tilgjengeleg, men arbeidsgruppa er redd for at dette ikkje er nok til å appellere til mangfoldet av kyrkjelyder og samanhenger, fordi det er for tradisjonelt og ein-sidedig knytt til messefeiring og tidebønner.

Ut i fra dette ser arbeidsgruppa behov for at det blir utarbeidd og/eller samla materiale til Olavstradisjonen innafor disse kategoriane:

- Salmer som tolker Olavstradisjonen på nytt
Det er løfta fram nokre nye salmer i løpet av dei siste åra i NFG, men det finst ikkje mange nyskapande salmer om Olav. Ut i fra ønsket om å gi kyrkja ei styrka felles forståing av Olavsarven, er det ønskeleg med slike salmer. Arbeidsgruppa har drøfta muligheit for å lyse ut ein salmekonkurranse, og støtte fra kulturrådet til dette har vore drøfta som aktuelt. Arbeidsgruppa meiner det kan være like aktuelt og viktig å søke/sette av midlar til stipend eller frikjøp av tilsette for å sikre godt arbeid med dette. Konkurransen førar sjelden med seg midlar til andre enn vinnarane. Arbeidsgruppa kan om ønskeleg nyttast i jury/fagråd.
- Gode opplegg for pilegrimsvandringar, også for barn og unge
- Gode opplegg for ulike typer vandringar for å markere Olsok
- Tekstar, bønner og symbolhandlingar med Olavs- og pilegrimsmotiv til bruk i gudstenester gjennom året 2030, kanskje basert på tradisjonar fra heile landet.

Arbeidsgruppa vil oppfordre NFG til å:

- Be rette instansar i kyrkja prioritere utlysning av stipend og/eller konkurranse for nye salmer snarleg, samt tinge nye salmer.
- Oppfordre bispemøtet om å bruke Olavs- og Sunnivastipend til å arbeide kreativt, tekstleg og liturgisk med Olavstradisjonen
- Drøfte om denne arbeidsgruppa eller ei anna bør få utvida mandat til å arbeide med alle eller nokre av kulepunkta ovanfor – og om dette mandatet bare skal være eit innsamlings- og redaksjonsarbeid, eller om det også er ønskeleg at ei arbeidsgruppe skal utarbeide nytt materiale.

Solveig Mysen

Andreas Grandy-Teig

Eir Andrea Ihlang Berg

Erling Neergård